



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd 31.05.2023

Tilstades:

Toril Lange, Torunn Styve, Monica Sunde Tjønnås, Rolf Aamot, Geir Sørebo, Annbjørg N. Kristensen, Hilde Iren Sørebo Bosdal.

Ord til opning v/ Geir: Pinsebøn av Rune Rasmussen

Innkalling, referat frå 3. mai og sakliste vart godkjende.

Meldingssaker:

09/23: Sidan sist:

4. mai: Samrådsmøte med prost/prestane og soknerådsleiarane. Prestesituasjonen i Lavik/Sørsida vart diskutert. Det bør leggest ein langsiktig plan – som inneber at ein også må ha ein kortiktig plan. Den kortsiktige går ut på at G. Sørebo vert engasjert i eit år frå september.

8. mai: Redaksjonsmøte, Helgestunder; 2 frå kvart sokneråd deltek. Nytt blad i trykken snart.

13.mai; Konfirmasjonsgudsteneste 180 tilstades.

17.mai: Festgudsteneste 51 tilstades.

24. mai: T-dag 6 og myldresamling 5 deltok

29. mai: Frluftsgudsteneste på Norevik vart flytta inn på Grendehuset pga dårleg ver. 31 personar i alle aldrar tilstades, noko som peiker i retning av at det å flytte gudstenesta ut i distriktet har noko for seg, og er noko vi bør ta med oss vidare. Den nye kyrkjevergen Stig Johnny Fitje vart presentert, og tenestebrevet til kyrkjelyden frå Biskopen vart opplese.

10/23: Prestesituasjonen sommar/haust. Geir Sørebo avsluttar det noverane vikariatet 1.juni, men starar i nytt vikariat 1.sept. Sunnfjord prosti har to danske studentar som sommarvikarar. Desse to skal dekke oppgåver i heile prostiet, så planlagde gudstenester må A. Ester og Runar M.Lie ta ansvar for.

11/23: Konfirmantopplegget 2023/2024 er under planlegging. Brev vert sendt ut til dei som skal starte i 9.klasse til hausten i desse dagar. Runar Matsui Lie kjem til å ha ansvaret for opplegget.

Vedtakssaker:

Sak 14/23: Gudstenester/gudstenesteplan

Oppgåvefordeling sommaren 2023; sjå vedlegg.

Sak 15/23: Eigenbetaling – konfirmantar

Dette var meldingssak på fellesrådsmøte 1.sept 2022, og skal opp att som sak på neste fellesrådsmøte. Vi gjekk gjennom referatet frå HK 1. sept 2022 og skriv frå Sissel Sørebo.

- **Vedtak:** Lavik sokneråd ynskjer at rekning på konfirmantopplegget (ca 1650kr) vert sendt ut til sokneråda i starten av konfirmantåret, og at kvart sokneråd kan bestemme kor mykje dei vil sponse konfirmantane med.

Sak 16/23: Økonomiske prioriteringar for fellesrådet.

Vi har fått e-post sendt frå kyrkjevevje 4. mai – budsjett 2023 og rekneskap 2022. Vi vil sjå på bruk og kostnad for Lavik kyrkjekontor. Ingen vedtak no, men dette kjem opp som sak på neste møte.

- Geir og Tonje formulerer eit skriv til møtet i HKF 22.juni, som avtalt på forrige møte i soknerådet. Toril lagar ein oversikt vedr. kostnader og evt.mogelege innsparingar.

Sak 17/23: Planer for hausten

) Aktivitetsdag på Alværa for heile kommunen, fx ein laurdag? Søke om trusopplæringsmidlar til dette.

) Mat og prat med liten ny vri?

) Adventssangkveld ?

- Ide-myldring Sak på neste møte.

Ymse

- Vi treng nye rutinar for utsending av møteprotokoll.
- Soknerådsvalet. Det bør vere mogeleg å førehandsstemme. Vi føreslår torsdag 31.august kl 15-18 på Lavik senter/ved butikken. Sjølve valet er på Helsesenteret; vi meiner bebuarane kan stemme den dagen, og at vi truleg når fleire ved å ha førehandsstemming ved butikken.

Neste møte vert truleg onsdag 6.september kl 18.00 på kyrkjekontoret

Lavik 31.05.2023

Torunn Styve, ref

